

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Haalandsdal
 Emne: Skav Bygdelag:
 Oppskr. av: Anders Solaas Gard: Solaas
 (adresse): Holdhus G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Før var det mykje vanlegt hjaa oss at folk sankt hjelpefor i vinterhalvaaret. Vanlegaste nemninga for dette foret er "Hjelpefor", Men "Bergefor" har eg og høyrnt nemt.

Markafor tenkjer eg er det namnet som er brukt her til samnamn for skav og beit.

Skav heter det også hjaa oss. Bøying: skov, skjev, skave.

Sume gardbrukarar har skave aarvisst, det var serleg slike bruk som hadde nøgda av god skavskog, og elles hadde stunder til dette arbeidet. Andre bruk skov berre naar dei var nøydde til det som fylgje av formangel. Skav har vore nytta i uminnelege tider, og er brukt litt enno, men minnar av meir og meir.

Gjævaste skav-veden reknar dei for aa vera Ask. Men dei som ikkje har dette treslaget brukar andre treslag, som Raun, Osp, Hegg. Ja, alle desse treslag skov me hjaa oss naar eg var smaagut, og utetter. Bjørk og vier er svært lite brukt. Alm brukast helst om vaaren etter sevja er komen. Daa losa borken so ein kan dra den av veden i lange reimar.

Skav og skjevlar vert brukt for all skavskog.

Eg kjenner ikkje noko rim om skav.

Eg trur det var mest kyrne som fekk skav. Skavet fekk dei for seg antan før eller etter høyet, stundem berre om morgonen, men maatte ein bruka mykje skav var det bra aa gjeva det baade morgon og kveld, det vart daa betre fordelt med mindre pausjon om gongen. Skav av older veit eg ikkje om har vore brukt.

Folk her meinte at mjølka fekk nøgare feit% av skav. So-leis kunne ein faa mykje meir smør naar ein fora med skav. Skav av raun vilde lett smaka.

Det vanlegt at ein, baade før og no, dreg til skogs ein erend for aa henta heim skav-ved. Ein skjev ikkje akku-hesjeveden, men om den veden ein har stave er høveleg

til hesjeved, legg ein denne til side for slikt bruk.

Ein kalla det **aa** henta skavved "Aa dra paa markaskog".
og kalla veden ein hentar heim for "Skav-ved".

Ordet "Marka" kjenner **me** og er sams for alt slags for
som vert henta heim fraa skogen, marki.

Skav-veden vert henta heim, stundom etter kvart, andre ti-
der i større ^{på}ti om gongen, alt etter som det høver.
Eg trur ikkje at dette **aa** henta skav-veden har ^{vore} sett paa
som tyngre og vanskelegare arbeid enn noko anna. og no-
kon sed i tilknytning til dette arbeid har eg ikkje høyr
noko om.

Sjølve skavinga gaar for seg baade ute og inne. Dei store
strangane skjev ein gjerne ute i godt ver, i vedhuset el-
ler laaven i styggever. Smaaaveden som ein hogg i lengde
av ca. 60 - 7 cm. tok ein oftast inn i stova og bruka
skavinga som kveldsarbeid.

Til skavinga bruka ein gjerne bandakniv til dei store **X**
strangane, og skavljaa til smaaaveden. Skavljaaen er la-
ga spesielt til dette bruk. Det er i aller fleste høve
ein lit over halvsleten **ljaa** som er avteken i baae endar
slik at ein faar att ein lang nesten rett kniv ca. 40 cm.
lang med eit treskaft i eine enden. Desse knivane vert
heldne for **aa** vera best til dette bruk.

Naar skavet skal brukast til for er framgangsmaaten den
same anten trevirket seinare vert brukt til hesjeved
eller ikkje. Dei store strangane legg ein opp i ein sagekrakk
eller liknande mens ein skjev. Smaaaveden skjev ein for kne.
Ein held daa skavljaaen i **høgre hand** som kviler for **høgre**
re kne. Den andre enden av skavkniven støtter seg tilein
staur eller stokk, gjerne eit bandelag om ein samstun-
des driv bandarbeid; det kan og vera noko anna som te-
nar til støtte for kniven. Kjeppen som skal skavast ^{taf ein i vullu}
hand og fører den, eller dreg den til seg paa under-
sida av kniven slik at eggja skjer spøner. Skavet skal
ha to tredjedeler bork og ein tredjedel ved. Noko sers
namn paa kvivstøtta her eg ikkje høyr.

Eg veit at ovnen har vore nytta som **knivstøtta**, og seng-
ja og, men daa har dei gjerne hefta ei treflis paa for
at **kniven** ikkje skulde gnaga sengja.

Dei avskavne strangane kallar ein "Skjevel, Skjevlar"
Smaakjeppane kallar ein "Sprek", "Sprekjo"

Eg veit om folk her i bygda som er meir en vanleg flinke
til **aa** skava, og det er godt truleg at desse flinkaste
gjer betre arbeid enn andre, og at kyrne likar deira
skav betre enn dei andre sitt som er mindre flinke.
Det skal eit visst handelag til med skaving og.

Før naar skaving var meir vanleg, vart ofte den avskavne
veden nytta til bakstevad og til **aa** kveikja opp i omnen
med. Grunnen til dette var nok at denne veden turka for-
tare enn ved med bork paa.

Skav er nytta her enno naar det er trong til det, men
minkar med bruken litt om senn.